

Radøy kommune
Radøyvegen 1690

5936 Manger

Søknad om dispensasjon fra LNF føremålet i kommuneplanen.

Syner til brev frå teknisk forvaltning i kommunen der de ber om at eg skal søke om dispensasjon for å få lov til å dele frå hus nr.2 på gnr.20 bnr.1, samt at skal legge ved dokumentasjon som syner at den nye eigedommen får rett til å nytte gardsvegen og å føre fram vatn og kloakk over hovudbruket.

Eg har alt søkt om dispensasjon i søknaden om deling som vart sendt 28/9-2016. Her vil eg då berre grunngje denne søknaden:

1. Gnr.20 bnr.1 er eit etter tilhøva lite bruk. Produksjonen er mykje redusert og kan ikkje vere så mykje større enn den er i dag. Sonen min skal snart overtake bruket, og han har problem med å løyse ut eigedommen dersom det står to gode hus på staden. Difor vil me dele frå dette huset før overdraging.
2. Det er ikkje trond for dette huset i samband med drifta.
3. Bruket vil framleis ha bustadhus. Det er det gamle huset som er sett i stand og er heilt tidsmessig.
4. For busetting på Sylta vil frådeling slik det er søkt om, gje bidrag til at unge folk framleis finn det interessant å bu. Dette er ikkje like sikkert om dei må bu til leige.
5. Dette huset treng etter kvart å verte pussa opp. Om det må lånast pengar til dette føremålet er det landbrukseigedommen som må settast som pant. Dette er lite ynskjeleg i den situasjonen som landbruksnæringa er i nett no.
6. Landbruksjefen har fatta vedtak om at deling slik det er søkt om kan gjennomførast etter jordlova. Etter mitt skjøn må då og plan- og bygningslova kunne gje dispensasjon, sidan dei omsyna som LNF føremålet skal take i vare kan sameinast med deling slik det er søkt om.
7. Vegen som bruket nyttast vert liggande att på bruket.

Med dette vonar eg at også teknisk forvaltning kan komme søknaden i møte.

Eg legg ved avtale om rett til veg, vassforsyning og avløp for det frådelte huset. Avtalen vil verte tinglyst som eit hefte på hovudbruket når deling slik det er søkt om er gjennomført.

Vedlagd ligg og nabovarsel for dispensasjonen.

Vonar dette er greitt og at de eventuelt tek kontakt att, dersom noko manglar.

Helsing
Gir Hauzland

Avtale om rett til veg, vassforsyning og avløp for ny grunneigedom med gnr.20 bnr.?

Ny eigedom med gnr. 20 bnr.....

Får rett til å nytta gardsvegen som hører til gnr.20 bnr.1 og 7, som tilkomst til eigedommen, både bustadhus og garasje.

Dersom det vert naudsynt med vedlikehald av vegen, skal ny grunneigedom vere med å koste sin høvesvise del av dette.

Ny eigedom med gnr.20 bnr.....

* Får rett til å føre fram nett for tilførsel av vatn og for avløp over gnr. 20 bnr.1 og 7 sin grunn. Retten gjeld og for naudsynt vedlikehald og reparasjon på anlegga.

Avtalen er i to eksemplar eitt til eigaren av ny eigedom og eitt til hovudbruket.

Avtalen skal tinglysast som hefte på gnr.20 bnr.1 og 7, når ny eigedom er frådelt og oppmålt.

Sylta.....14-11-2016

Guri Haugland,
Rossnesvegen 194.

Raymond Haugland
Rossnesvegen 191